



Vår dato

Vår referanse

Dykkar dato

Dykkar referanse

Referat frå soknerådsmøte for Helgheim sokn

Tid: Tysdag 5. mai 2020, klokka 17.00–19.00
Stad: Ute i prestegarden på Ålhus
Til stades: Astrid Aardalsbakke Feldt, Steinar Dvergsdal, Hildegunn Huus, Maria Sture, Silje Sørebo
Forfall: Erna Dvergsdal Krøke
Ikkje møtt: Svein Årdalsbakke

Sak 10/20: Godkjenning av innkalling.
Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Sak 11/20: Godkjenning av referat
Referatet vart godkjent med innkomen merknad frå Hildegunn Huus.

Sak 12/20: Uttale i samband med tilsetjing av ny prost
Soknerådet tilrår at Knut Magne Nesse vert tilsett som ny prost i Sunnfjord prosti.

Sak 13/20: Gudstenesteplan
Det har no kome smittevernrettleiar frå Kyrkja sentralt. Her er det opning for å ha gudstenester, men då med maksimalt 50 deltakarar. Her er det reglar og restriksjonar på gjennomføring, og krav til reingjering.

Soknerådet ser føre seg å gjennomføre gudstenester utandørs ved Helgheimskyrkja 17. mai og 7. juni. Dåp med dåpsfylgje opptil 50 personar kan gjennomførast som planlagd i kyrkja.

Soknerådet tilrår utegudstenester gjennom sommaren. Presten får fullmakt til å vurdere den praktiske gjennomføringa av gudstenestene etter kva restriksjonar og tilrådingar som til kvar tid er gjeldande.

Til hausten ynskjer soknerådet å dele opp konfirmantpresentasjon og markering av 50 års-konfirmantane.



Sak 14/20: 17-mai 2020

Soknerådet ynskjer drive-in gudsteneste ved Helgheimskyrkja 17. mai. Det må lagst til plakatar som soknerådet kan hengje opp i grendene. Det kan vere mogleg å køyre i 17. mai-tog frå grendene til kyrkja. Vi opnar gudstenesta med å syngje nasjonalsongen med heile landet 13.00.

Sak 15/20: Info og meldingar

- Konfirmantarbeidet
 - Konfirmasjonane er utsette. Vi veit enno ikkje kor mange som kan delta i seremonien.
- Nye konfirmasjonsdatoar 2020
05.09 Ålhus kyrkje, 06.09 Helgheim kyrkje, 12.09 Vassenden kyrkjesenter
 - Det er sendt ut påmeldingsbrev med frist 20. mai. Det vert truleg introkurs veka før skulen startar.
- Info på nett - kyrkja.no/sunnfjord eller kyrkja.no/jolster
 - Her vert det m.a. lagt ut andakter og nettgudstenester.
- Vellukka «drive-in» gudsteneste 1.påskedag
 - Rundt 100 personar deltok på gudstenesta
 - Fleire opptak frå samlinga vart med nyhendesendingar i NRK.
- Helsing og takk frå Marta Fimreite
- Helsing og takk frå Nils Klakegg
- Helsing og takk frå Astrid Aardalsbakke Feldt
- Årsmeldinga ligg tilgjengeleg på kyrkja.no/jolster
 - Vi oppmodar kyrkjelyden om å kome med eventuelle tilbakemeldingar.
- Det har kome ynskje om å ha plantedag slik det var tidlegare.
 - Dette tek vi med oss til neste år.
- Steinar orienterte om arbeida ute rundt kyrkja. Utomhusplan er laga.

Sak 09/20: Gåve til Helgheim kyrkje. Kyrkjetekstilar – utsmykking

Steinar sa seg ugild i saka og var ikkje med på sakshandsaminga.

Oppfylgning av vedtak 1 frå førre møte i soknerådet:

«Vedtak 1: Soknerådet ynskjer å ha den vovne utsmykkinga som vi har fått lagt fram, i skipet på Helgheim kyrkje. Framlegget skal sendast til godkjenning hjå Bispedømerådet.»

Søknaden er sendt til godkjenning, og ligg no hjå Riksantikvaren.

Oppfylgning av vedtak 2 frå førre møte i soknerådet:

«Vedtak 2: Vi utset vurdering av skisse til antependium og frontalar til lesepult og preikestol til neste møte.»

Soknerådet vil be Jølster Design om manipulerte bilete av korleis frontalane og antependia i dei ulike fargane vil sjå ut i kyrkja.



Tilkomne saker:

Orienteringssak

Silje Sørebo aukar opp stillinga til 75 %. Carsten Langeland kjem til å halde fram med ansvaret for konfirmantarbeidet i Jølster.

Venskapskyrkjelyd

Soknerådet er svært positive til å ha ein venskapskyrkjelyd i Tsjekkia.

Maria Sture,
Møteskrivar